



# **UTVIKLING RUNDT KULTURMINNE I VIK**



## **Rapport om status og utført arbeid 2009.**

Vik 10.12.09 OW

Går til:

Kommunal og Regionaldepartementet v/Halvard Læg Reid.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Regionalavdelinga v/ Kristin Arnestad

Rapporten har desse delene:

- A Generelt
- B Utført arbeid med delprosjekta. Status.
- C Vurderingar.
- D Andre merknader

### **A Generelt**

Eg viser til vedlagt revidert prosjektplan av 15.11.08.

Justeringar er gjort ut frå dei råd og føringar KRD gav i møte på Hamar 19.5.08.

Prosjektet og prosjektarbeidet er i nokon grad prega av dei økonomiske realitetane som kommunen står oppe i som Terra-kommune.

Planen er noko omredigert, for å få ein klårare struktur:

Delprosjekta fordeler seg i tre hovudgrupper:

- Planarbeid. Regulering/bebyggelsesplanar
- Fysiske tiltak. Infrastruktur. Vegar, bygningar, skjøtsel.
- Tiltak for formidling og kompetansebygging.

Hovudfokus for prosjektet er framleis dei to tunge kulturminneområda i Flatbygdi:

Hove-Moahaugane-Hopperstad og Vikøyri, samt eit sambindande turvegnett.

Me har funne det rett å inkludera nokre delprosjekt som gjeld heile kommunen:

Sundagsseminaret, og Kulturminneåret 2009.

Samstundes er fleire delprosjekt lagt bort.

### **B Utført arbeid med delprosjekta.**

#### **1.0 Planarbeid.**

01. Reguleringsplan og skjøtelsesplan for området

Hove-Moahaugane-Hopperstad.

\*Utlagt til 2.gongs offentleg ettersyn okt./nov.08. 8 registrerte merknader.

\*Sakshandsaming/innstilling til Formannskapet/Kommunestyret.

\*Formannskapet 9.2.09. Innstilling på vedtak

\*Kommunestyret 23.2.09. Vedtak om utsetting med pålegg om å greia ut alternativ med bustadtomter i planområdet.

- \*Møte i Planforum på Leikanger 11.3.09. Endringar i planområde og formål avvist.
- \*Saksutgreiing for FS/KS.
- \*Formannskapet 23.4. Innstilling på vedtak
- \*Kommunestyret 5.5.09. Planen vedteken som tilrådd.
- \*Kunngjering av planvedtak ved brev av 18.5 til partar/høyringsinstansar, samt annonse.

Det er ikkje registrert klager på planen, som dermed er gjeldande for alle tiltak i området.

Planvedtaket er ein viktig milepæl i prosjektet ”Utvikling rundt kulturminne i Vik”, og legg grunnlaget for lokal forvaltning av store kulturminneverdiar og verdifulle kulturlandskap i store deler av Flatbygdi i Vik.

\*Aurland Naturverkstad har utarbeidd planen i samarbeid med prosjektleiar, som også har vore sakshandsamar for Vik Kommune.

I planen er det krav om ”bebyggelsesplan” etter PBL§28 for eit avgrensa område rundt Hopperstadkyrkja. Planarbeidet er tenkt starta opp vinter/vår 2010

## 02. Reguleringsplan”Sjøfronten på Vikøyri”

- \*Reguleringsplan for sjøfronten mellom elvane Hopra og Vikja på Vikøyri vart utarbeidd våren 2009, av prosjektleiar.
- \*Formannskapet gjorde vedtak om utlegging til offentleg ettersyn i møte 23.3.09
- \*Offentleg ettersyn i tida 11.4-11.5.09 11 merknader registrerte.
- \*Møte /avklaringar med partar .
- \*Formannskapet 28.9. Tilråding om godkjenning.
- \*Kommunestyret 9.11. Planen vedteken.
- \*Kunngjering av planvedtak i brev av 26.11.09

Utarbeiding/sakshandsaming: prosjektleiar.  
Oppteikning av plankartved Arkitektfirma J.Vikøren.

Planen er eit viktig og nødvendig plangrunnlag for prosjektet Strandparken (Sjå pkt 4.1)

## 03. Havnen.

Det har 2009 vore arbeidd med avklaringar som må gjerast før vidare planarbeid.  
Det gjeld løysing for småbåthavn og grunnundersøking med tanke på evt. molo.  
Råmann, ordførar og prosjektleiar har hatt fleire møte med representantar for Vik Småbåtlag .

## 2.0 Turvegar .”Sylvringen”

Dei tre hovedparsellane på det nye/planlagde turvegnettet ”Sylvringen” er:

- A Langs Hopra frå sjøen til Hopperstad. Ca 1,5km
- B Frå Hopperstad til Hove. Ca 1,5 km
- C Langs Vikja ca 1,5 km

Planar/utforming vert lagt opp med tanke på delfinansiering med spelemidlar (50%)

I 2009 er fylgjande gjort:

\*Strekningen frå Hopperstad til Riksveg 13( ca 480m) med ny gangbru over Hopra er detaljprosjektet og sett i arbeid. Hovedelen av arbeidet er ferdig i 2009.

Ferdigstilling/etterarbeid /jorddekking, planting toppdekke på deler av traseen, skifer på brudekke) skal gjerast til våren.

Tiltak i/langs elveløpet er gjort i samråd med og etter godkjenning av NVE i Førde.

Denne parsellen er prioritert fordi tiltak her gjer størst effekt for turvegnettet.

Kostnad er 650-700.000 eks.mva.

\*Det er i 2009 gjennomført forhandlingar om vegrett og grunnkjøp med 7 grunneigarar i traseen for parsell B: Hopperstad-Hove.

Pr. desember 2009 er avtalar undertekna og sende til tinglysing.

\* Det er utført rydding og skjøtsel/styving av askeallen langs Hopra der turvegen (parsell A) gjennom Kålhagen skal gå.

\*Søknader om spelemidlar for parsell A og B er under arbeid, og skal vera fylkeskommunen i hende innan 15.1.2010.

Parsell A og B er prioriterte i Vik Kommune sin plan for idrett og friluftsliv.

\*Dersom spelemidlar vert tildelte i 2010, vil arbeid med ferdigstilling av parsell A og B bli sett i gang sommar/haust 2010

For parsell C vil stadfesta reguleringsplan (HMH) gje heimel for å skaffa veggrunn, dersom det ikkje kjem til minnelege avtalar. Arbeid med avtalar er planlagt i 2010.

Ingeniørfirma Bystøl AS er engasjert til å laga naudsynt plangrunnlag og dokumentasjon for parsell A og B, som grunnlag for søknad om spelemidlar, og for budsjettering.

Fylkeskulturkontoret har gitt signal om at spelemidlar vil bli tildelt i søknadsåret, for godkjent søknad. (inntil 700.000 pr. parsell)

Statkraft har gitt kr. 150.000 i tilskot til parsell A .

Sakshandsamar for turvegprosjektet er prosjektleiar.

Byggeleiing for turvegen Hopperstad-RV13 vert utført av prosjektleiar i samarbeid med driftsleiar og og sjef for teknisk eining .

### 3.0 Området Hopperstad- Moahaugane –Hove.

#### 3.1 Servicetun ved Hopperstadkyrkja . Klokkargarden.

Bygningen i Klokkargarden er sikra mot vidare byggskader. Tak er tetta, hovedddør sikra.

Prestegardsstabburet er mellombels sikra mot fuktskade med presenning på taket.

Ei gruppe frå Bergen Arkitektskule gjer registrering/oppmåling av Klokkargarden i november.

Forprosjekt i 2009 skal avklara om det er grunnlag for å gå vidare til detaljprosjekt/realisering.

#### 3.2 Skjøtselstiltak

På grunnlag av skjøtelsplan utarbeidd av Aurland Naturverkstad for området Hove-Moahaugane Hopperstad, arbeider bygdeutviklar Veronika Seim Beck ( landbruksavdelinga i Vik Kommune) no med eit detaljert opplegg for rydding og skjøtsel/beiting av utvalde areal langs den historiske aksen Hopperstad-Hove. SMIL-midlar vert ein vesentleg del av det økonomiske grunnlaget.

Tiltakspakke og økonomiske vilkår skal drøftast og avklarast med grunneigarane i vinter.

Tiltak er tenkt sett i gang i vinter/til våren.

Opparbeiding av eit offentleg friområde i området Moahaugane inngår i prosjektet.

#### 3.3 Hopperstadtunet.

Fleire hus er restaurert/under restaurering i tunet. Tilsagn om SMIL-midlar er gitt til fleire tiltak/bygningar med tilvising til Prosjektet.

PL har gitt råd om løysingar/utforming .

#### 3.4 Servicebygg ved Hove Kyrkje.

Ingen tiltak i 08 ut over reguleringsplanarbeid.

## 4.0 Vikøyri/ Sjøfronten.

### 4.1 Vikøyri Strandpark

\*Våren 2009 utarbeidde PL plangrunnlag og dokumentasjon for prosjektet "Vikøyri Strandpark".

\*Prosjektet vart lagt til grunn for søknad til Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tettstadfornyingsmidlar .

\*Prosjektet vart som eitt av 10 i fylket godkjent for tilskot, og fekk 500.000 kr til byggesteg 1: "Kaiparken"

\*PL har hausten 2009 utarbeidd forprosjekt for Kaiparken .

\* Arkitektfirma Jon Vikøren AS har utarbeidd 3D modell på grunnlag av føringar frå PL.

\*Det er nyss gjennomført tilbuds konkurranse om riving av eks. kaibbygg.

Det er innkalt til kontraktsforhandlingar

\*Riving av kaibbygget startar i januar 2010. Opparbeiding er planlagt våren 2010.

\* Finansiering av kommunen sin del er lagt inn i årsbudsjett og økonomiplan for kommande år.

### 4.2 Havnen.

Sjå pkt 1.03

### 4.3 Miljøgate. Nedsett fart.

Etter innspel og påtrykk frå Vik Kommune har Statens Vegvesen i 2009 gjennomført nedsett fartsgrense til 40km/t på riksveg og fylkesveg i store deler av Vik Sentrum.

Førebels er dette gjennomført med skilting.

Vegvesenet skal ha pris og ære for å handla raskt.

Tiltaket har stor effekt med tanke på redusert barrierevirkning og auka trafikktryggleik.

Det opnar og for meir lokaltilpassa løysingar i plansamheng.

Frå Vik Kommune og lokalt politi er det sett fram ynskje om fysiske fartshindringar i form av oppbygde gangfelt m.m.

I møte med Statens Vegvesen har ein fått signal om at vesentlege midlar til "miljøgate" gjennom Vik sentrum/Vikøyri ligg noko fram i tid.

I prosjektperioden vil ein konsentrera seg om å få starta opp arbeid med naudsynte reguleringsplanar for ei fullskala "miljøgate". Godkjende planar er eit vilkår for å kunna søkja midlar seinare.

## 5.0 Formidling og kompetansebygging.

### 5.1 Sundagsseminaret.

Arrangør er Vik Kommune v/ PL og Lokalhistorisk Arkiv, saman med Vik Historielag og Vik Ungdomslag.

Det er halde 5 seminar i 2008.

Tema og innleiarar:

1-08 Vik i oldtid og Vikingtid.	Alf Tore Hommedal og Randi Førsund, Ottar Wiik
2-08 Vikøyri	Åge Engesæter og Arne Inge Sæbø
3-08 Storskreda på Nese 1811	Astor Furseth, B.F.Russenes, Jon Nese m.fl.
4-08 Vetløyri.	Arvid Engan, Arne Inge Sæbø m.fl.
5-08 Jubileum for ”Pridlao”	Duoen Tillung/Frøholm m.fl.

60-90 deltakarar kvar gong. God omtale i lokalpressa.

### 5.2 Audioguide for Hopperstad-Hove og for Vikøyri

Prosjektgruppe er etablert :

Øystein Åsnes	ABM Sogn og Fjordane .
Arne Inge Sæbø	Vik Lokalhistoriske Arkiv
Kari Wiken Sunde	Fortidsminneforeningen.
Ottar Wiik	Prosjektleiar.

Oppstartmøte 3.11.08. Detaljert prosjektplan under arbeid.

### 5.3 Kulturminneåret 2009

Delprosjektet er nytt i høve til søknad .

PL har utarbeidd prosjektskisse sommaren 08.

Alle skular er informerte og oppmoda om å delta. Fresvik Skule har sett i gang lokalt prosjekt.

På grunnlag av saksutgreiing frå PL har Vik Formannskap i haust sett ned ei nemd på 6 personar for planlegging og gjennomføring av markeringa i Vik kommune. Oppstartmøte for nemda var 10.11.08.

## C Vurdering .

Her fylgjer vurderingar i høve til fylgjande tema:

Resultat i høve til mål.

Metodikken som er nytta

Overføringsverdi til andre.

Vidareføring av prosjekt.

Resultat.

1.0

Planprosessen rundt plan HMM har etter vår vurdering vore god, og har involvert og engasjert partane i planen langt ut over dei krav som PBL set.

Målet om ein stadfesta plan som kan gje grunnlag for god lokal forvaltning av verdiane i området ser no ut til å vera innan rekkevidde i 1.halvdel av 2009.

Arbeidet har drege noko meir ut i tid enn først tenkt.

Planarbeid langs sjøfronten/Øyri er forseinka i høve til opprinnelege planar.

2.0

Delprosjekt turvegar er pr. nov.08 i rute i høve til tidlegare og revidert plan.

3.0

Arbeidet med Klokkargarden som serviceanlegg for Hopperstadkyrkja er forseinka i høve til opprinneleg plan. Revidert prosjektplan forutset forprosjekt i 2009. Det er realistisk.

Arbeid med skjøtselstiltak er litt forseinka. Nødvendig planarbeid vert gjort i 2008, for oppstart i 2009.

4.0

Arbeid med tiltak i området Vikøyri/sjøfronten er i hovedsak i rute for dei prosjekt som no er forutsett vidareført.

5.0

Arbeid med formidlingsprosjekt m.m. er i rute.

Sundagsseminaret har vorte ein større suksess enn forventa.

Metodikk.

Organisering av planarbeidet rundt HMH med "Rådgevinge arbeidsgruppe" gjev større engasjement og eigarskap til planarbeidet mellom viktige partar, men krev meir tid og ressursar.

PLP som arbeidsmåte er brukt så langt det høver .

Vidareføring av prosjekt

I revidert prosjektplan er nokre delprosjekt av 15.4 lagt bort:

Kunstprosjekt i skulane:

som alternativ vert skulane no engasjerte i markeringa av Kulturminneåret 09.

Kyrkjemusikkfestival:

Det er usikkert om Kyrkja i Vik har kapasitet/vilje til å satsa på eit årleg festivalarrangement. Delprosjektet forutset at Kyrkja tek hovedansvaret.

Kyrkja er utfordra på å delta med ein serie kyrkjekonsertar i Kulturminneåret.

På kyrkjeveg i kong Sverre sine fotefar.

PL vurderer prosjektet som krevande å utvikla, og har av kapasitets omsyn valt å leggja det vekk inntil vidare. Ideen er god og kan gå som utfordring til aktørar i reiselivet:

Fortidsminneforeningen, regionale reiselivsorganisasjonar.

Burde utviklast som kulturløype i Kulturminneåret!

Elva Hopra. Vassdragsrestaurering.

Tiltaka som var skisserte i tidlegare plan er framleis aktuelle, og vil truleg bli gjennomførde heilt eller delvis i regi av Statskraft.

Det er i november 08 gjennomført synfaring av den aktuelle elvestrekningen med NVE, Statskraft og Vik Kommune, etter initiativ frå Vik Kommune.

Vik Kommune og Statskraft er samde om at tiltak i elveløpet bør samordnast med opparbeiding av turveg, men at dette ikkje treng å organiserast i eit eige prosjekt.

Området ved Kristianhus.

Det trengst ei politisk avklaring om framtida til bygningsmassen og eksisterande båtmotorsamling . Inntil ei slik avklaring ligg føre har ein valt å ikkje prioritera arbeid med å utvikla prosjekt på tomte. Dette er gjort også av kapasitetsgrunnar.

Det er likevel forutsett at reguleringsplan for området skal leggja til rette for eit større reiselivsretta anlegg.

Overføringsverdi.

Dei fleste delprosjekta er i ein fase der det førebels er for tidleg å seia noko om overføringsverdi.

På bakgrunn av arbeidet med den store planen HMH kan det synast som modellen med ei rådgjevande arbeidsgruppe kan vera nyttig for å gje legitimitet til planarbeidet mellom partane i store og komplekse plansaker.

Opplegget for Sundagsseminaret kan truleg overførast til andre bygder og lokalsamfunn , med nødvendige lokale tillempingar.

Opplegget har synt seg å mobilisera breidt, med låge kostnader.

Grunnlaget ligg i den store interessa for lokalhistorie.

God formidling og god ballanse mellom fagstoff og underhaldning er avgjerande.

## D Andre merknader

Prosjektleder er tilsett på avdeling for Næring og Utvikling i Vik Kommune.

Plan og byggesaker, kart og oppmåling, landbruk, kultur, næringsutvikling og reiseliv m.m. ligg til avdelinga .

PL har bidrege i ein del saker som ligg i grenseland for prosjektet:

Vik er Cruisehavn, med 29 anløp i 2008.

PL har bidrege i arbeidet med fornying av Cruisekatalogen sine sider for Vik.

PL har bidrege i kommuneplanarbeidet, m.a. med planprogram for rullering av arealdelen.

PL er og inne med råd og rettleiing i plan- og byggesaker som vedgår kulturminne og verneverdige bygg og anlegg.

PL har bidrege i ei arbeidsgruppe for å få opp ei nettside med informasjon retta mot potensielle innflyttarar til Vik.

Kurs. o.l

PL har starta på eit kurs i Reisemålsutvikling i regi av Innovasjon Norge og HSF.

Det er 4 deltakarar med ulik bakgrunn frå Vik, og dette gjev kurset stor praktisk verdi.

Kurset går over 4 samlingar a 2 dagar vinteren 08/09, og gjev 10 vekttal.

PL har og gjennomført 5dagars sakshandsamarkurs i regi av Kommunal Kompetanse.

Møte/representasjon

PL har og møtt i Ordføraren sin stad i møte i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

PL har orientert om prosjektet på årsmøte i Fortidsminneforeningen, avd. Sogn og Fjordane , og på årsmøte og halvårsmøte i Vik og Vangnes Reiselivslag.

Økonomi.

Revidert prosjektplan syner stipulerte kostnader for prosjektet i 2008:

Hovedpostar i denne summen, basert på registrerte utgifter til no og stipulerte kostnader fram til nyttår :

Prosjektadministrasjon, kontorutgifter, kurs o.l.	ca 600.000 kr.
Rådgjevartener fra Aurland Naturverkstad AS	ca 225.000
Rådgjevartener Ark.firma Vikøren AS	ca 58.000
Rådgjevartener Bystøl AS	ca 100.000
Arkeologiske undersøkingar Hopperstad.	ca 65.000
Sundagsseminaret	ca 20.000
Prosjekt audioguiding	ca 10.000
Sum	1080.000

Ottar Wiik     Prosjektleder